

# Forvaltningsplan for grågås og kanadagås i Rauma kommune

**1. april 2017 - 31. mars 2022**



Vedteken i Rauma Viltnemnd i sak VN-XXXX den XX.XX.2017

## INNHALD

1. INNLEIING .....	2
2. HISTORIKK OG BIOLOGI .....	3
3. RAMMER FOR FORVALTNINGA AV GÅS I RAUMA.....	5
4. DOKUMENTASJON OG BESKRIVING AV SKADE .....	7
5. ULIKE TILTAK SOM KAN VERA AKTUELLE Å GJENNOMFØRE. ....	8
6 KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR .....	11



# 1. INNLEIING

Forvaltingsplanar for grågås i Møre og Romsdal byrjar no å bli vanlegare også på indre strøk av fylket. Da den første lokale forvaltingsplanen for grågås i kommunen vart vedteken i 2008 måtte ein ut til kommunar som Smøla, Aukra, Haram og Sandøy for å finne erfaringar både med førebyggjande arbeid av grunneigarane og forvaltingsplanarbeid. Denne innsatsen drog Rauma kommune fordelar av ved utarbeidinga av den første plana, og mykje av dette er no vidareført i denne utgåve, oppdatert med aktuelle nyhender sidan i planperioden.

I nyare tid etablerte grågåsa seg som hekkefugl i Rauma på 1990-talet, og bestanden er no i vekst og i hovudsak å finne i dei ytre fjordstrøka av kommunen. Det er langt att til bestanden når same høgdene som somme av kommunane på ytre strøk opplever, og arealbruk og skadeomfang er per i dag avgrensa til eit relativt lite område. Ein registrerer likevel at gåsa av ulike grunnar breier seg innover fjordane, og som ein konsekvens av dette har i tillegg til Rauma også m.a. Vestnes og Halså kommunar utarbeidd ein lokal forvaltingsplan.

Skadane er likevel ei stor belastning for jordbruket i dei ramma områda, og medfører ein betydeleg økonomisk risiko for enkeltbruk. I tillegg til skadeavgrensing i dei råka områda er ei av bekymringane at veksten i gåsebestanden vi ser no vil føre til at grågåspopulasjonen tek i bruk nye delar av kommunen. Overgangen frå eitt par med søte ungar til ein større flokk som byrjar å gjere skade er kort og ein bør ha tenkt over korleis dette kan handterast.

Planen gir eit oversyn over utviklinga i skadesituasjonen, lovgiving og forvaltning, og resultatane av arbeidet og tiltaka som har vore gjennomført til no. Det vert gjort framlegg om ei rekkje tiltak som ligg innanfor eksisterande lovheimlar der nokre tiltak blir forsøkt sett i verk snarast. Med denne planen ynskjer vi å få ei oversikt over kva verkemiddel ein har for å avgrense skadeomfanget i dei aktuelle områda, og hindre spreiding og tilsvarande skadar i nye delar av kommunen. I og med at bestanden ikkje er større enn han er i dag kan grep som blir gjort no føre til at bestandsutviklinga kan haldast under kontroll framover.

Det er også bestandar av kanadagås i kommunen, og det er kome innspel i planperioden at også denne skulle ha vore inkludert i denne planen. Kanadagåsa er ein introdusert art som står oppført med ukjend risiko i Norsk Svarteliste av 2007 og det er derfor lite som talar imot å stimulere til meir uttak av arten.



## 2. HISTORIKK OG BIOLOGI

Grågås, *Anser anser*, hekkar frå Island, Skottland og Nederland i vest gjennom store delar av Nord-Europa og Russland til Stillehavet i Aust. Dei norske grågjesene hekkar først og fremst i tilknytning til saltvatn og er å finne langs store delar av kysten med tyngdepunktet frå Sunnmøre til Nordland.

Gåsa kjem ifølge Stueflotten (2007) til Rauma kommune tidleg i april, og er registrert med konstatert hekking på Vågstranda og Holmemstranda/Mittet, mogleg hekking i Eid/Rødven og observasjonar utan hekkeindikasjon i Romsdalen og Isfjorden. I 2008 var det registrert 14 kull i Rødvenfjorden og eitt i Gjerdsetvatnet. Det kan vera fleire hekknade par enn dette, da ein må ta høgde for at nokre kan mislykkast med hekkinga. Mislykka par brukar ofte å forlate hekkeområdet, for eventuelt å vende tilbake etter endt myting i slutten av juli. Det er ikkje observert slike fuglar i Rauma. Flokkar av ikkje-hekkande gås utgjer truleg ikkje noko problem i Rauma i dag, men slike flokkar kan oppstå f.eks som ei følgje av bestandsauke.

Hausttrekket byrjar tidlegare no enn tidlegare, men årsakene til dette er samansette og er truleg ein kombinasjon av fleire faktorar. På trekket nordover stoppar gåsa ein til to månader i Nederland. Ein tidlegare vår her har gjort at vekstsesongen startar tidlegare og gåsa kan bruke tida her til å byggje opp kondisjonen tidlegare enn før og trekke nordover tidlegare enn før. Tidleg hekking har også ført med seg at gjesene no trekkjer tidlegare enn for 15-20 år sidan. Medan hausttrekket midt på 70-talet skjedde rundt midten av september, skjedde det ei endring frå midten av 80-talet da trekket byrja å gå tidlegare og tidlegare. Trekket er no rekna å vere i gang frå tidleg i august, nokre også i slutten av juli. Høgt jakttrykk kan forsterke denne effekten, ved at gjesene har blitt skremt til å trekkje sørover allereie ein dag eller to etter at jakta har starta.

Grågåsa som art har auka kraftig i antal her til lands dei siste 15-20 åra. For Rauma sin del har Steinar Stueflotten i rapporten Fugler i Rauma (2007) registrert at grågåsa etablerte seg som hekkefugl i kommunen på 1990-talet, med den første påviste hekkinga på Holmsholmen i 1991. Det er truleg at grågås har vore ein hekkefugl i Rauma også tidlegare. Hekkebestanden har dei siste åra vore relativt stabil, men det kan sjå ut som dei tek i bruk nye delar av kommunen. I 2008 vart det observert 14 kull i Rødvenfjorden og eitt i Gjerdsetvatnet, medan det i 2011 også vart registrert 12-14 kull i kommunen, der maksimum 6 kull var registrert i Vågen på Vågstranda og 8 i Rødvenfjorden. Av kulla i Rødvenfjorden hadde eitt heile 14 ungar!

Norske grågjess beitar i stor grad på gras og urter, og har, typisk for grasetande gjeser, vesentleg kortare nebb enn baltiske gjeser som beitar på vassplantar som sneller og takerør. Ho beitar selektivt og har delvis dei same preferansane mellom beiteplantene som husdyra, men foretrekk i stor grad også fleire ugrasartar som løvetann, matsyre og andre, da desse er lettare å knuse i kråsen enn gras. Når gåsa startar beitinga på engareal tidleg på våren, vil kulturgraset og enga generelt bli sett tilbake. Den sådde enga vil svekkast og bonden haustar ei mindre og dårlegare avling. I periodar med dårleg grasvekt, vil gåsa kunne beite på røter av prefererte grasartar, t.d. timotei. Det er også blitt nemnt at gåsa kan spreie frø frå ugrasartar som ho har beita på gjennom skiten, men det er tvilsomt om frø som har passert gjennom gåsa vil vera spiredyktige.

Som skadegjerar vil gåsa opptre på to måtar, som hekkande gås og som ungfugl/ikkje hekkande. Den sistnemnde er ikkje eit problem i Rauma i dag, som nemnt over. Desse to gruppene vil opptre på ulike måtar.

- Den hekkande gåsa vil i hekkeperioden beite på areal i nærleiken av reirplassen. Når egga vert klekte, vil gåsa samle seg i flokkar i bukter/viker og gå opp på land for å beite i periodar av døgnet. Vaksne gås og ungar vil beite i eit belte på opp til 100 meter frå fjøra og flokkane vil konsentrere seg i bukter/viker med beitande areal på landsida. Gåsa ser også ut til å starte hekking tidlegare enn før. Det er vidare rimeleg å tru at beiting på gjødsla kunsteng fører til betre tilvekst og at ungene vert tidlegare flygedyktige.
- Flokkane av ungfugl vil streife omkring til eit stykke ut i juni då dei startar fjørfellinga (mytinga). Før mytinga startar kan desse flokkane gjere stor skade på første slåtten dersom dei får beite i fred. Ikkje-hekkande par vil forlate området og kan vende tilbake etter mytinga, frå midten av juli.

Når ungene vert flygedyktige i juli vil hekkegås og unggås kunne samlast og gjere store skader på andreslåtten. Kullsamlingar beiter ofte på meir eller mindre faste plassar, men dei kan ha alternative plassar å beite på om dei blir forstyrra på eitt av dei.

Kanadagås, *Branta canadensis*, er ein nord-amerikansk art som er bevisst sett i Noreg. Heile den skandinaviske bestanden av kanadagås stammar frå fuglar som vart sett ut i Sverige i 1929 av Bengt Berg. Dei første utsettingane i Norge var i 1936, og bestanden var svært liten fram til midten av 1960-tallet. Frå da og dei neste 20 åra vart det sett ut minst 750 kanadagjess fordelt på alle dei sørnorske fylka, med unntak av Oppland. Arten vart første gong observert i Isfjorden i april 1984, og vart ifølge Stueflotten (2007) konstatert hekkande for første gongen på Holmsholmen i 1993, men hekka kanskje så tidleg som 1986 – 1988.

Bestanden av Kanadagås er aukande på landsbasis og er enkelte stader den dominerande gåsearten. Slik er det ikkje i Rauma, men ein finn kanadagåsa spreidd i kommunen i fjordnære strøk over heile kommunen i mindre antal.

I dei opprinnelege leveområda lever dei ulike underartene av kanadagås i svært varierende naturtypar, frå tundraområde i nord til prærieområda i sør. I Norge held arten først og fremst til ved vatn og vassdrag, og kjem dessuten ofte til tettbygde område, særleg utanom hekketida. Kanagåsa byggjer reir ved små og store vatn i barskogsterrang og ved kysten, helst i område med innslag av kulturmark der den mellom anna kan plukke spillkorn. Ofte hekkar fleire kanadagåspar i nærleiken av kvarandre, men dei kan også hekke enkeltvis. Kanadagjess har i fleire europeiske land kome i konflikt med jordbruket, særleg fordi dei trampar ned og et i kornåkrar. I Norge er likevel dette ikkje rapportert som noko stort problem.

I Norge overlappar kanadagås og grågås i liten grad med omnsyn til foretrekte hekkeområde, men det er registrert at kanadagåsa kan hindre grågåsa i å hekke, og det er usikkert kva effektar kanadagåsa kan ha på stadeigne artar over tid.

Mange individ trekker ut av hekkeområda (oftast i september-oktober) visst dette er nødvendig for å finne tilfredsstillande overvintringsområder, men trekkmonsteret er uklart og ser i stor grad ut til å vera avhengig av vinterforholda. Det er stor variasjon i trekkavstand, somme norske kanadagjeser overvintrar etter sørvestkysten av

Sverige, i Danmark, Nederland og Tyskland, medan somme stader ser det ut til at kanadagåsa berre flyttar på seg lokalt. Uansett er ope vatn og tilgang på næring ein forutsetnad for at dei skal kunne overleve.

Dei viktigaste overvintringsområda i kommunen er ved Vågen og på Sandnes på Holmemstranda, men kan også sjåast hyppig på Hensøran, i Innfjorden og nedst i Rauma elv. Normalt overvintrar 20 – 50 individ frå oktober til april.



### 3.RAMMER FOR FORVALTNINGA AV GÅS I RAUMA

#### 3.1 Lover, føresegner og rundskriv

Jakttidsrammen for grågås er å finne i forslag til **Forskrift om jakt og fangsttider samt sanking av egg og dun frå 1. april 2017 til og med 31. mars 2022** § 2. For grågås er denne sett til 10.08 til 23.12. Av § 3 om delegering av myndigheit følger at punkt 1.a at ”Fylkesmannen kan åpne for jakt på grågås inntil 15 dager før ordinær jaktstart når det foreligger en godkjent lokal forvaltningsplan. I denne perioden fastsetter fylkesmannen jakttiden innenfor et tidsrom fra kl.24.00 - 10.00 eller kl. 16.00 – 22.00.”.

Tidlegare jaktstart må fastsetjast gjennom ei eiga føresegn. Det vil til vanleg bli kravd jaktfrie område som må kartfestast. I same føresegna kan regulering av plukking av egg takast inn.

Jakttidsrammen for kanadagås er å finne i forslag til **Forskrift om jakt og fangsttider samt sanking av egg og dun frå 1. april 2017 til og med 31. mars 2022** § 2. For kanadagås er denne sett til 10.08 til 23.12, tilsvarande grågåsa. For denne arten er det også opna for tidlegare jakt, inntil 15 dagar før ordinær jaktstart (§ 3.2b).

Søknad skal her adresserast til Fylkeskommunen, ikkje Fylkesmannen, og det er ikkje krav til forvaltningsplan for å søkje Fylkeskommunen om dette.

§ 6 i den same forskrifta behandlar retten til sanking av egg og dun. For grågåsa kan grunneigar eller brukar sanke egg frå grågåsreir fram til og med 15.april, og etter dette kan fylkesmannen gi løyve til sanking om dette inngår i ein forvaltningsplan for grågås. For kanadagås er dette tillatt til og med 1.juli.

Kommunane har mynde til å innvilge søknader om plukking av egg til klekking og oppdrett. Grågås kan haldast i fangenskap og oppdrettast utan særskild godkjenning frå viltmyndigheitene, sjå *Forskrift om hold av vilt i fangenskap, m.m.* § 2-1, men anlegg for slik oppdrett skal vere godkjend av kommunen på førehand. Oppdrett av kanadagås krev særskild løyve frå Miljødirektoratet, jfr § 3.2 i den same forskrifta.

Melding om slik oppdrett skal sendast kommunen, Mattilsynet og fylkesmannen seinast ein månad etter at oppdrettet er oppstarta

Kommunen kan gje løyve til felling av grågås og kanadagås som gjer skade, sjå *Forskrift om felling av viltarter som gjer skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon* punkt IIB. Dette er ikkje eit middel for bestandsdesimering, men til skadeavgrensing på det området det er påvist skadar. Det skal rapporterast frå skadefellinga, og stillast krav om at andre førebyggjande tiltak er sett i verk for å forsøke å avgrense skaden. Det vart i 2008 gjeve fellingsløyver på til saman 11 gjeser på Holm og i Rødvenfjorden. Av desse vart 8 felt, i følgje rapportane. I 2011 var det same talet på tildelte 31 og rapportert 15 skotne fuglar. Her var det i tillegg tildelt fellingsløyver på Vågstranda. Etter dette har det totale talet på løyver halde seg stabilt på i overkant av 20, men i 2016 auka dette til 35, og derav 22 skotne fuglar.

Direktoratet for naturforvaltning sette ned ei brei samansett arbeidsgruppe som la fram ei innstilling i 1996: Handlingsplan for forvaltning av gjess. DN-rapport 1996-2. Hovudelementet i innstillinga var utarbeiding av lokale forvaltningsplanar.

### **3.2 Økonomiske verkemiddel**

Med grunnlag i DN si handlingsplan vart det av sett av midlar over landbruksdepartementet sitt budsjett til gjennomføring av tiltak. Dette er midlar som mellom anna kan brukast til opparbeiding av gåsebeite, gjerdning, eller til førebygging av skader

Regionale miljøprogram skal utarbeidast i kvart fylke og kan vere ei kjelde til finansiering av forvaltningstiltak som omfattar fleire kommunar. I Møre og Romsdal sitt regionale miljøprogram er tilpassing av konflikten jordbruk / gås teke inn som eit tema.

På Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet sitt budsjett for 2005 vart det avsett midlar til skadeførebyggjande tiltak, m.a. er det opna for at det kan utbetalast erstatning. Men desse midlane har fram til no vore utbetalt berre for skadar av dei arktiske artane kortnebbgås og kvitkinngås, som er vanskelege å forvalte gjennom jakt eller skræming, og for grågåsa blir ordinær jakt foretrekt.

Fellingsavgifter for storvilt og inntektene frå sal av fallvilt går inn i eit kommunalt viltfond. Det kommunale viltfondet kan gje stønad til opplæring og tilrettelegging av jakt.

### **3.3 Område som krev spesielle hensyn**

I Rauma finst det to typar område i strandsona med spesiell status:

*Friområde :*

- *Kammen*
- *Kolmannsneset*

I friområda er det ikkje lov å drive jakt.

Naturreservat:

- Hensøran naturreservat i Isfjorden er verna etter naturvernlova. Her er det forbod mot all jakt på grågås samt sanking av egg og anna skade og øydelegging (Sjå vedlagte kart) Kanadagås derimot kan jaktast etter same bestemmelsar som i resten av kommunen.

- Holmsholmen ved Holm og Skålholmen på Vågstranda er foreslege som naturreservat for sjøfugl og er foreløpig bandlagde etter Plan- og Bygningslova § 20-4.4. Dette er ei foreløpig bandlegging da vern etter Naturvernlova er venta i næraste framtid. Ein kan gå ut ifrå at Verneforskrifta vil ha tilsvarende reglar for vern av grågåsa som i Hensørnan naturreservat.

Det er kommunen som er forvaltningsmyndigheit i naturreservata og kan gje dispensasjon frå vernebestemmelsane, mellom anna løyve til felling av skadegjerande gås.



## 4. DOKUMENTASJON OG BESKRIVNING AV SKADE

Skadane av grågås på jordbruksavlingar kan delast inn i tre:

1. Tap av plantemasse som gåsa beitar eller trakkar ned .
2. Langsiktige skader som følgje av selektiv beiting. Den sådde kunstenga går ut og enga vert dominert av mindreverdige artar. Dette medfører tap av mengde og kvalitet.

Vurdering av skadeomfanget kan vera vanskeleg. Lite omfattande skader har lett for å bli overvurderte, da den relative delen av plantemassen er minst i toppen og gåsa beitar frå toppen av grasstråa. Store skader kan på den andre sida bli undervurderte. I tillegg til den direkte beiteeffekten, har ekskrement i fôr og effekten dette har på fôropptak hos husdyr og på silo, vore drege fram som ein negativ faktor. Dette er ikkje så sikkert, da det gåsa gjer med gras er å knuse cellene og trekke ut celleda. Slik er gåseskiten så godt som reint gras tilsett litt urinsyre, fri for bakteriar som kan medføre feilgjæring ved ensilering.

Det er fleire måtar å måle beiteintensitet og grastap på:

- Ved å telje ekskrement pr areal. Denne metoden gjev imidlertid ikkje beiting i absolutte verdiar som kg eller foreiningar pr arealeining.
- Ved måling av nedsynking av ei lett plastplate i plantebestanden, og måling av plantehøgda. Denne metoden er utarbeidd i Storbritannia, og gjev høve til måling av avlingsmengde og avlingsskilnader. Ein kan difor måle det faktiske tapet av avling. Skal metoden vere sikker, vil det krevje ein del øving.
- Ved høgdemåling saman med nettingbur (Grasstav).
- Ved taksering. Dette vert mest nøyaktig dersom ein har nettingbur som referanse. Dette vil og vere ei god støtte for eit øvd augemål.



Dersom verdien av gjenstående plantemasse overstig haustingskostnadane, er skadane 100%.

Det har ikkje vore gjennomført eit systematisk takseringarbeid av skader på engareal i Rauma. Ei slik taksering kan vera både vanskeleg og tidkrevjande, og ein bør ikkje forlange at det vert gjort utan at det strengt tatt er naudsynt. Dersom bonden hevdar å ha fått skade på enga, vil dette truleg vere grunnlag for å vurdere enten tilsagn om dekking av utgifter til skadereduserande tiltak (kjøp av gjerde m.m.), eller for å få lov til å felle skadegås. Om naudsynt kan da kommunene vere med på ei kort befarings tur for å sjå på skadeomfanget, som grunnlag for å gi eit slikt løyve.



## 5. ULIKE TILTAK SOM KAN VERA AKTUELLE Å GJENNOMFØRE.

Som nemnd tidlegare har kommunane på ytre strøk langt større erfaring med grågås enn Rauma. Det er svært begrensa kva konkrete organiserte tiltak ein har å vise til i Rauma, og vi vel å støtte oss til erfaringane frå ytre strøk. Erfaringane i Rauma begrensar seg til skræming ved grunneigar, og skadefelling med utlegging av skoten gås for å tiltrekkje havørn for å skræme anna gås, i tillegg til ordinær jakt.

I "Handlingsplan for forvaltning av gjess" vert det lagt opp til utarbeiding av lokale handlingsplanar som eit sentralt element i arbeidet med demping av konflikten mellom jordbruk og gås.

Grågåsa sitt naturgrunnlag var strandengene i området. Ein må akseptere eit visst skadepress på innmark, men bestanden må tilpassast naturgrunnlaget. I tilknytning til dyrkamarkområda rundt Rødvenfjorden er det begrensa med slike område, da dyrkamarka går heilt ned til flomålet.

### 5.1. Plukking av egg

Grunneigar eller brukar kan sanke egg frå grågåsreir fram til og med 15. april, og etter dette kan fylkesmannen gi løyve til sanking om dette inngår i ein forvaltingsplan for grågås.

Plukking av egg frå reiret vil redusere kulla dersom egga vert plukka relativt seint. Vert egg plukka for tidleg, vil gåsa leggje nye egg. Ein mykje brukt metode for bestandsreduksjon er å punktere egga med nåler. Fosteret vil då dø. Mange stader sankar dei egg, men lar to eller (helst) tre egg vere att i reiret. Då vil gåsa ruge ut desse og oppleve det som ein vellukka hekkesesong. Dette kan gå bra også om ein plukkar heilt ferske egg. Dersom ein då tek alle egga, vil ho lett sky reiret, og skjer det fleire år på rad, kan ho flytte til ein heilt annan stad, og ta med seg problema dit. Ho kan sky også om ein berre tek nokre av egga. Då er det tryggare å sanke egga midt i rugeperioden, men då må egga anten destruerast eller klekkjast for oppavling.

## **Eggplukking er den mest effektive måten å redusere tilveksten i bestanden på.**

Dersom plukking av egg skulle organiserast av grunneigarar eller viltmyndigheitene syner det seg vanskeleg å få folk til å medverke i ein slik aksjon dersom eggja vert destruerte. Det er også nyttig å lære seg kva ein skal sjå etter når ein leitar etter reira, og om ein har høve til det, følgje med på førehand for å sjå kor gjessene slår seg ned. Litt ute i rugeperioden kan det dessutan vera lettare å finne reira, da det er meir dun i reiret og dette kan feste seg på omkringliggende vegetasjon og dermed avsløre reirplassen.

Klekking og oppforing av grågås for sal kan gje eit økonomisk insitament til plukkinga. Dette kan ikkje gjennomførast i større skala utan ei utprøving av framforingsmetodar og omsetjing/sal. Det vart vurdert å starte eit prøveprosjekt i 1996 i Haram, men ein fann problema rundt slakting og omsetjing sopass store at det ikkje vart arbeida vidare med eit prøveprosjekt. I Møre og Romsdal er det no fleire godkjende slakteri for vilt, men med utgifter til frakt og omkostingar ved slakting blir det fort kostbart å slakte gjesene på denne måten.

### *5.2 Felling av skadegås.*

I Rauma kommune har det over fleire år vorte gjeve fellingsløyver for skadegjerande grågås på vårparten. Det er få grunneigarar som til no har søkt på det, men det er også få grunneigarar som er brukarar på areala ved sjøen. Det er tildelt fellingsløyve sidan 2005 til grunneigara på Holmemstranda og Eide ved Rødvenfjorden. Frå 2008 på Holm, og 2011 på Vågstranda, og 2015 i Innfjorden. Fellingsresultatet har vore varierende, og effekten er avgrensa til denne skadefellingsperioden..

### *5.3 Sperregjerder for kullgåsa*

Når ungane vert klekte, trekkjer gåsa ned til sjøen. Kulla vil samle seg i skjerma vikar/bukter og trekkje opp på land for å beite. Denne beitinga førte tidlegare til store skader på enkeltbruk. Jordbruksareal i ei sone opp til 100 meter frå stranda vart sterkt nedbeita.

Det har vore gjort forsøk med oppsetjing av sperregjerder i utsette områder. "Vanlege" gjerdetypar kan gjere nytten her, sannsynlegvis vil ikkje dei vaksne la ungane gå gjennom gjerdet. Sperregjerde må kombinerast med beiting av arealet mellom sperregjerdet og sjøen. Vert ikkje dette området beita, vil kullgåsa trekkje til andre områder.

Dersom områda på nedsida av sperregjerdet er attraktivt nok for kullgåsa, vil gjerdet kunne redde første avlinga. Når ungane er flygedyktige, har sperregjerdet ingen effekt. Men dei har kanskje lært seg til å finne maten andre stader, jfr. pkt 5.4 om alternative beiteareal.

### *5.4 Opparbeiding av alternative beiteareal*

Skal sperregjerder mot kullgåsa ha verknad, må det opparbeidast eit areal mellom gjerdet og sjøen der gåsa kan beite på. Desse areala må difor beitast av husdyr for at dei skal vere attraktive for gåsa. Der det har vore systematisk beita, har slike sperregjerder hatt ein positiv verknad.

Eit prosjekt gjennomført av Nordre Sunnmøre Forsøksring gjekk på måling av effekten av sauebeiting på Uksnøya i Sandøy kommune for restaurering av dei brakklagde jordbruksareala på øya og den påfølgande effekten på grågås.

Kulturlandskapet på øya er gjenskapt, men det har likevel ikkje ført til at grågåsa har trekt ut til Uksnøya i stort omfang. (Melding Nordre Sunnmøre Forsøksring). Ei mogleg årsak til dette er at trafikken av menneske innover øya som følgje av utsetting av sau kan uroe gåsa meir no enn før sauene kom til øya. Likevel er det i dag bra med kull som hekkjer der.

Areal der det vert drive vanleg jordbruksdrift (gjødsla) og som ligg i verneområda vil vere særst utsette for beiteskader. Eigarane lir store økonomiske tap. Enga kan ikkje nyttast til hausting av vinterfôr og den omfattande beitinga av gås reduserer nytteverdien som husdyrbeite.

#### 5.5 *Tilrettelegging av jakt.*

Vanleg jakttid for grågås er 10.8 -23.12. Fylkesmannen kan opne for jakt på grågås inntil 15 dagar før. Det har vore hevda at den tidlegare jakta på Smøla uroar gåsa og fører til at den startar trekking før jakta startar, og det same er observert i Rauma. Når jakta startar 10.august er gåsa i området allereie på trekk, og etter eit par dagar er berre ein liten del av bestanden igjen. Jaktida er ikkje tilpassa livsmønsteret til bestanden. Tidleg hekking og omfattande beiting på gjødsla jordbruksareal medfører at ungane er tidlegare flygedyktige. Den ordinære jakta gir difor eit særst lågt utbytte i Rauma, kombinert med at det ikkje er ein tradisjon for gåsejakt i kommunen, og jakta skjer berre sporadisk. Erfaringane frå desse åra med tidlegare jakt er blanda. Tilbakemeldingane seier at det er tvil om det fører til større felling, men tidlegare jakt uroar gåsa, og gjer at ho held seg sky og fordeler skadane på fleire.

#### 5.6 *Strekking av tråd/sen over skadeutsette areal.*

Metoden har gått ut på å strekkje sen eller tråd over areala der skadane har vore særleg store. Sena har vore festa til høge staurar. Gåsa vil på denne måten vere hindra frå å lande. Metoden er effektiv, men sopass arbeidskrevjande at ingen nyttar den i dag. Slik sen kan føre til at gåsa flyg seg på ho både under landing og ved oppflukt. Når dette skjer, vil det bli mykje leven på gressene, og dei vil kanskje halde seg unna denne marka etter dette. Men både dei og andre fuglar som hekkar på marka eller finn mat der (t.d. storspove, vipe m.fl.), kan skade seg, og det er uheldig.

#### 5.7 *Skræming av gås med "Hylar".*

Aukra kommune kjøpte med stønad frå statlege viltfondmidlar inn to hylarar rundt 1990. Ein hylar er ei oppblåsbar gummidukke tilkopla ei sirene. Hylaren er tilkopla eit bilbatteri og vert aktivert med førehandsinnstelte intervall.

Her synt det seg at hylarane hadde ein verknadssone på 50-60 meter og at verknaden minka over tid (tilvenning). Utstyret var dessutan ikkje driftssikkert nok. Krinskorta vart skadde av det fuktige miljøet og måtte skiftast ut relativt ofte.

#### 5.8 *Bruk av kjemisk repellent.*

Nordre Sunnmøre Forsøksring gjennomførte forsøk med ein kjemisk repellent. Resultata var for dårlege til at metoden vart arbeida vidare med.



## 6 KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR

### MÅL

- Rauma kommune skal oppretthalde ein levedyktig bestand av grågås. Storleiken på bestanden skal til ei kvar tid vera tilpassa det naturlege beitegrunnlaget, og skadenivået skal vera akseptabelt.
- Bestandane av innførte artar som kanadagås bør reduserast til eit minimum.

### VERKEMIDDEL

Dei økonomiske verkemidla som kommunen rår over, skal nyttast til å førebygge eller kompensere for beiteskader, og å sikre driftsgrunnlaget for gardbrukarane i det skadeutsette området. Enkeltbrukarar skal ikkje påførast urimeleg økonomiske eller arbeidsmessige belastningar. Rauma kommune skal medverke til at det kan utøvast ei jakt på grågås som kan gi eit friluftstilbod til ålmenta, og eit økonomisk bidrag til grunneigarane.

### TILTAK

1. Det vert fastsett ei føresegn for Rauma kommune om tidlegare jaktstart på grågås. I føresegna vert det dessutan fastsett reglar for sanking av egg. Det vert utarbeidd retningslinjer for organisering og registrering.
2. Det vert fastsett ei føresegn om tidlegare jaktstart på kanadagås, tilsvarande jaktstarten på grågås.
3. Rauma kommune lagar ei årleg oversikt over behovet for tildeling av fellingsløyver på skadegås, og utarbeider eit system for rapportering.
4. Det kan vere behov for at avgrensa jordbruksareal kan haldast/opparbeidast som beiteareal for grågås. Ingen slike område er kjent per i dag, men ein vil prøve å finne område som høver til formålet. Rauma kommune vil kunne stille midlar frå viltfondet til rådvelde for kultivering av desse områda, og det kan søkjast om midlar for gjennomføring av tiltak frå Møre og Romsdal fylke. Ein vil legge opp til at det skal vere ordinær jaktstart på desse områda, og det skal ikkje vere høve til felling av skadegås.
5. Grågåsjakta skal regulerast på følgjande måte:

Dagar:	Tid på dagen:	Områdeavgrensing:
26. juli – 9 august	02.00 – 10.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
10. august – 23. desember	Heile døgnet	Ingen

6. Kanadagåsjakta kan startast 26. juli. Det er her ikkje avgrensingar på tid på dagen eller område.
7. Det kan sankast egg frå grågås fram til og med 1. mai ved Rødvenfjorden inkludert Hamrevågen avgrensa i nord av ei linje mellom Stangeneset i Rødven og sørspissen på moloen på småbåthamna på Strand.

### Vedlegg:

Kart over verneområde og friområde i Rauma kommune.